

Til kommunestyret

Kommuneplanen – økonomiske interesse

Meland kommune ved ordfører har fått informasjon som tyder på at formannskapsmedlem Sigmund Larsen kan ha økonomisk interesse av å påverke kommuneplanarbeidet i ei viss retning.

Sigmund Larsen er frå før ugild i kommuneplanarbeidet. Eg tok kontakt med kommuneadvokaten for å få råd i saka.

Rådet frå kommuneadvokaten er følgjande:

Ta eit møte med vedkomande representant og informer om at han må være open om si rolle, og at han må halda seg borte frå alle politiske organ som handsamar saka, også gruppemøte i eige parti.

Eg hadde saman med varaordfører og rådmann møte med Sigmund Larsen om dette 5. februar. Der blei det gjort greie for den informasjonen vi hadde mottatt, og kommuneadvokaten sitt råd i saka.

Same dag mottok eg skriv frå Sigmund Larsen der han informerer om si rolle i den konkrete saka (vedlagt).

Eg vil presiserer at det er heilt kurrant at ein folkevald arbeider kommersielt for ein aktør så lenge dette er kjent og at man er open om det. Brevet frå Sigmund Larsen er i så måte klargjerande.

Når det gjeld deltaking i eiga partigruppe, er svaret frå Sigmund Larsen ikkje i tråd med rådet frå kommuneadvokaten, då ein som ugild i ei sak heller ikkje skal delta i førebuing av saka.

Ut frå svaret frå Sigmund Larsen er det no opp til FrP si gruppe å ta stilling til dettespørsmålet.

Frekhaug 13.02.2014

Nils Marton Aadland
Ordfører